



Smartcon As
Ytrebygdsvegen 37
5251 Søreidgrend

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/305 - 23/1576

Sakshandsamar:
Merethe Svarstad
merethe.svarstad@fedje.kommune.no

Dato:
28.03.2023

Byggesak GBNR <169/182><Nesebakken> <flytebrygge>- Behov for tilleggsopplysningar

Eigedom: Gnr: 169 Bnr: 182 og 53

Adresse: Mulevegen

Tiltakshavar: Irene Ingebrigtsen Monsen

Tiltaket: Utfylling i sjø, ny kai og flytebrygge

Me visar til søknad motteke 28.11.2022 . Tiltaket gjeld utfylling i sjø, ny kai til eksisterande naust og ny flytebrygge.

Basert på motteke dokumentasjon er det behov for følgjande tilleggsopplysningar for å behandla søknaden:

Søknaden manglar følgjande opplysningar:

- Tiltaket er i strid med avstandskravet i Plan- og bygningslova § 29-4. Tiltaket må plasserast 4 meter frå nabogrense. Dersom det ikkje blir henta inn samtykke frå nabo må det søkast om dispensasjon frå Pbl § 29-4. Dette gjeld både feste til flytebrygge og kaien mot nabo Gnr 169, bnr 48.
- Tiltaket er og i strid med føresegn 6.10 i kommuneplanen.
6.10 i kommuneplanen:

I område sett av til småbåthamn skal tiltak som krev søknad og løyve etter pbl. §§ 20-1 og 20-2 inngå i reguleringsplan før tiltaket er tillate.

Me kan ikkje sjå at tiltaket fell under unntaket i denne føresegna.

Me gjer dykk merksam på at dispensasjonar som hovudregel skal nabovarslast. Dersom det blir unnlata å nabovarsla dispensasjonar må dette grunngjevast og godkjennast av kommunen.

Dispensasjonane vert sendt på høyring til Statsforvaltar før saka vert behandla.

Frist for å senda inn supplerande opplysningar i saka vert satt til **08.05.2023**. Etter denne datoen kan saka avgjerast på bakgrunn av allereie innsendt informasjon i saka, og saka vil då verta avvist eller avslått, og gebyrbelagt. Dersom det er behov for forlenga frist ber me om at dette blir informert om før fristen går ut.

Me gjer dykk merksam på at det seinare i sakshandsaminga kan verta behov for å be om ytterlegare tilleggsopplysningar.

Dersom noko er uklart kan de ta kontakt på telefon: 48173241

Med helsing

Merethe Svarstad

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Irene Ingebrigtsen Monsen

Kleivagjerdet 9 5308

Kleppestø

Mottakarar:

Smartcon As

Ytrebygdsvegen 37 5251

Søreidgrend